



Tippetue Arkitekter AS
Sandviksbodene 5
5035 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/2777 - 19/644

Saksbehandlar:

Marianne Aadland Sandvik

marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.

no

Dato:

14.01.2019

Tilsynsrapport - GBNR 23/548 - Tilsyn etter ferdigattest - Løypetona

Meland kommune viser til at det vart gitt ferdigattest for blokk 1 og 2, område B2, i Løypetona den 6.2.2017, sak 14/1590 og 14/1595.

Kommunen mottok melding frå styret i Løypetona sameige, v/Steinar Langenes, om at blokkene på enkelte punkt kan ha blitt oppført i strid med gjeldande byggteknisk forskrift (TEK10). På bakgrunn av dette, og med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 25-2 andre ledd, vart det torsdag 3. januar 2019 kl 13:00 gjennomført tilsyn på eigedomen.

Målet med tilsynet var ein overordna gjennomgang av blokkene på dei punkta der sameige meiner at dei kan ha vore oppført i strid med TEK10.

På tilsynet stilte følgjande:

- Anne-Katrin Jensen, på vegne av ansvarleg søkjar Tippetue arkitekter AS.
- Vidar Andersen og Jørgen Teige, på vegne av JM Norge AS.
- Steinar Langenes, på vegne av sameige i blokk 1 og 2.
- Tormod Leknessun, på vegne av realsameige Løypetona.
- Hanne Marie Evensen, Larissa Dahl og Marianne Aadland Sandvik, Meland kommune.

På tilsynet såg vi på følgjande:

- Svalgangar – utforming gjer at det oppstår oppsamling av vatn, som kan medføre glatte gangar. I tillegg er dei utført i eit materiale som er glatt og kan utgjere ein fare for tryggleiken for bebuarane. Trappene har same utforming.
- Garasjeanlegg – det er fukt og soppdanning i garasjane. Dette gjeld kanskje bodane i underetasjen også.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

- Takkrenner mellom etasjane – utforming inneber at det renn vatn inn på terrassane i etasjen under.
- Takkrenner – langt spenn mellom nedlaup gjer at takrennene ikkje tek unna vatnet ved stor nedbør.
- Det vart vist til at det er sprekker på mange av søylene, men at dette er under utbetring no.
- Det vart vist til at heissjaktene er våte og skallar maling i botn, og at ein rapport frå KONE påpeiker dette. Dette vart ikkje besiktiga under tilsynet.

Meland kommune har ikkje konkludert med om blokk 1 og 2 er prosjektert og oppført i strid med byggt teknisk forskrift. Vi vil i første omgang be om ei skriftleg tilbakemelding frå ansvarleg prosjekterande og utførande, med deira vurderingar av arbeidet.

Frist for innsending til kommunen vert sett til **28.2.2019**.

Vidare viser vi til at kommunen kan innhente sakkyndig bistand eller utføre tekniske prøvar for tiltakshavar si rekning, jf. pbl § 25-2 andre ledd. Behovet for dette vil vi vurdere etter at vi har fått inn vurderingane frå dei ansvarlege føretaka.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Jm Norge AS
Steinar Langenes
Tormod Leknessund

Postboks 453 1327

LYSAKER

Mottakere:

Tippetue Arkitekter AS

Sandviksbodene 5 5035

BERGEN